



**Referat frå møte nr 4-2026 i Stamnes og Eidsland sokneråd**  
**tysdag 26.5.2026 kl 17.-19 i sakristiet i Stamnes kyrkje.**

**Frammøtte:** Monica M. Dyvik, Anne Margrethe Eikefet, Vivian Farestveit, Eidrun S. Normann, Bjørn Samuelsen, Olaug L Stamnes, Roar Petter Strømme (geistleg representant, vikar for Fredrik Hope) og Bjørn Stamnesfet.

**Forfall:** Fredrik Hope ( sjukmeldt ), Eli Marit Hvidtsten.

**Sak 28/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå siste møte.**  
( møte 3-2026. Referatet er vedlagt ).

*Godkjent.*

**Sak 29/26: Gjennomgang av gudstenestelista for sommaren.**

- Utpeike kyrkjevertar. *Gjort, sjå under.*
- Opprette offerliste. *Gjort, sjå under.*

**Sak 30/26: Prosesjonskors.**

- Søknad sendt bispedømmerådet 27.april.  
( Kopi til prostens fellesråd v/ kyrkjeverja og leiar ).

*Svaret er ikkje kome pr i dag, men me reknar med at det blir godkjent.*

**Sak 31/26: Avgang sokneprest og vikarierende sokneprest, oog kontor..**

- Skal me (= «vårt» sokneråd ) invitere Fredrik H til eigen avslutning med sokneråd (inklusive Roar P S),/ bygda, om han / dei to som sluttar ynskjer ??  
Avskilsgåve ??

*Fredrik Hope er invitert, og har sagt at han kjem, på medarbeidarfesten 9. juni på Dale. Me tek kontakt med han då, og finn ut saman korleis me/han kan tenkja oss ei avskil på Stamnes/Eidsland. Gåve er i «tenkjeboksen».*

- Bilde av dei avgåtte sokneprestane, Fredrik H og Roar P S?

*Rådet vil få på plass bilete av Fredrik Hope i biletrekkja i sakristiet på Stamnes. Det er ikkje vanleg å ha bilete av vikarar der.*

- Kantor Ruben Gjertsen spelar på gudstenesta på Stamnes 28.06 kl 18.  
*Det er høve til ei markering og avskil då, det kjem ein tilbake til.*



**Sak 32/26: Tilsetjing av ny sokneprest.**

*(Sjå vedlegget om tilsetjingsprosessar for prester).*

- Gjennomgang av søkjarlista ( om me har mottatt den ).
- Velja / peike ut deltakar til intervju rundene.
- Diskutere om Vaksdal- eller Stamnes Eidsland sokneråd skal ha representanten i tilsetjingsrådet.
- Setje opp plan for «eventuelle» møter / måtar å gå gjennom søkjarlista på, og lage spørsmålslistar. Ein plan for dette lagar me uansett om me har fått søkjarlista eller ikkje til møtet, dette for som de ser av tilsetjingsplanen frå personalkontoret, så vil dette gå ganske så raskt framover mot tilsetjing.

Tidsplan	Dato
Tilsettingsråd	18.jun
Sende utlysningstekst til BDK	23.apr
Frist SPIR	29.apr
Utlysing	30.apr
Info frå BKD til SR	ved utlysning
Søknadsfrist	25.mai
Melde intervjuliste til Spir Frist for svar fra Spir: onsdag	27.mai
Info om sakspapir til SR	Snarest etter søknadsfrist
Intervju	01., 02. og 03.06.
Frist sokneråd	12.jun
Frist prost	16.jun

*Det er ikkje komne kvalifiserte søkjarar til den utlyste prestestillingen. Dersom det vert aktuelt å lysa ut på nytt, vil ein undersøka om ein kan søkja etter prest under utdanning. Det vil i tilfelle fungera på den måten at vedkomande arbeider i stillingen i 60 % og dei resterande 40% blir nytta til utdanning. Ein får ikkje dekka inn dei 40% med vikar , den delen blir utlikna i prostiet. Me ønskjer å ha eit felles møte med Vaksdal sokneråd om felles*



# DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 4-2026

Sak: 28 - 39

*haldning i høve dette, forslag på 10.juni, då Vaksdal har sitt neste møte. Me avventar vidare reksjonar frå prosten /bispedømet, samt Vaksdal sokneråd.*

## **Sak 33/26: Kyrkjegardsdagane 2026.**

- Tilbakemeldingar?
- Skal me benytte Hageland-Voss heretter, og både på Eidsland og Stamnes?  
( *Diskusjon og eventuell beslutning* ).

*Vellukka!*

**Eidsland:** *Blomesalg v Astrid, som selde omlag som vanleg. Frammøte også Som vanleg. Men dårleg ver!*

**Stamnes:** *Hageland var svært nøgde med salget og ordninga, vil gjerne gjenta det til neste år. Betre frammøte enn vanleg, positivt! Sidan Astrid har sagt fleire år at ho trappar ned gartneri-verksemda si, satsar me på å invitera Hageland begge stader neste år.*

## **Sak 34/26: Gudstenestene i mai.**

- Tilbakemeldingar:

**Skipshelleren:** *57 deltakarar, veldig positivt, fekk gode tilbakemeldingar på opplegget! Kristin kyrkjelydspedagog hadde invitert dei borna som er med i barnekora på Dale og Vaksdal, så det var ein del nye andlet å sjå, kjekt! Dei song også fint for oss, har litt felles songar dei kan.*

**17. mai:** *38 frammøtte på Eidsland, 66 på Stamnes. Positivt, og særleg i høve til tynt frammøte på dei andre tettstadene i kommunen.*

**Konfirmasjonsgudstenesta:** *Veldig gode tilbakemeldingar, flott med musikken og alt! 5 konfirmantar og full kyrkje!*

## **Sak 35/26: Saker til / frå Fellesråd og arbeidsutvalg. v/ Anne M / Eli Marit.**

- **Navna minnelund på Stamnes.**

Brev sendt fellesrådet v/ kyrkjevevje og leiar tysdag 5.mai.

Svar via e-post 14.mai, sitat : *Hei! Takk for innsendte saker.*

*På grunn av saksmengda i komande møte neste veke, ser eg at me lyt utsette desse sakene til hausten. Sitat slutt !!*

Diskusjon, og eventuelle kommentarar til mitt svar den 15.mai, sitat:

SAK: STAMNES KYRKJEGARD, NAVNA MINNELUND

Saka om minnelund er det heilt i orden å utsetja til hausten. Sitat slutt !!

**Frå oss: Utsett til hausten!**

- **Val 2027, kommentar og forespørsel om handsaming av beslutningen om kun digitalt kyrkjeval denne gongen.**

Brev sendt fellesrådet v/ kyrkjevevje og leiar tysdag 5.mai.

Svar via e-post 14.mai, sitat : *Hei! Takk for innsendte saker.*



# DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 4-2026

Sak: 28 - 39

*På grunn av saksmengda i komande møte neste veke, ser eg at me lyt utsette desse sakene til hausten. Sitat slutt !!*

Diskusjon, og eventuelle kommentarar til mitt svar den 15.mai, sitat:

SAK: VAL 2027:

Om det kan vera til hjelp mhp saks- og arbeidsmengda dykkar no, og du og Elisabeth V finn det hensiktsmessig og er eining, kan me = "vårt sokneråd" v/ meg, ta oppgåva med punkt 1, i saka om valet i 2027. Når me får svar på det punktet, veit me nok meir om arbeidsmengd og nødvendig sakshandsamingstid for å få beslutta vidare framdrift i saka. Ut frå erfaringa me hadde med digital stemmegjeving sist, anser eit fleirtal i soknerådet det som viktig å få fremja denne saka so raskt som mogeleg. Ei utsetjing til hausten for å komma igong kan fort enda opp med at me vert for sein med eventuelle innspel til beslutningstakarane. Sitat slutt !!

**Behandla i soknerådet slik:**

*Samtale og klårgjering av kva som gjeld og kva digital stemming vil seia i praksis. Usikkert om det er noko me kan gjera no, sidan vedtaket om ordninga vart gjort i fjor. Men korleis det vil fungera i praksis, er usikkert. Det kan stemmast ved personleg frammøte, men ein må likevel logga seg på og stemma digitalt. Ein skal kunna få hjelp til pålogging. Tid og stad for slik stemming kan variera. Ein gjer ikkje meir vedrørende dette no, hovudutfordringa vil nok vera å få laga liste med aktuelle namn på.*

**Heimesida til Kyrkjeleg fellesråd/Kyrkja i Vaksdal:**

*Den må oppdaterast og bli meir aktuell og brukarvenleg. Martin på kyrkjekontoret er på saka, frå oss kan Vivian vera med på prosessen.*

**Sak 36/26: Saker til / frå kyrkjeverjen/ kyrkjekontoret / ansatte.**

- E-post frå Kristin S N 29.4.26, med takk for all hjelp ifm årets konfirmantar.

*Me har inntrykk av at konfirmantane kosa seg. Turen med Brørvikaskuto til Kvamme, og serveringa av lappar og taco var populært! Kjekt med ei takk!*

**Sak 37/26: Takk / takkebrev / helsing til 17.maikomiteen / JA-pris nemda 2026.**

- Korleis takkar me?
- Kven takkar me? ( Bygdefolket / nemdene )?
- Kyrkjebladet ? (Frist for innsending til neste blad, er 5.juni).

*Ja-prisen: Me legg ut ei takk på Stamnes-sidene på fb. Me sender bilete og begrunninga til kyrkjebladet.*



**Sak 38/26: Utviding av antall «gode» sitjeplassar i sakristiet på Stamnes og inventar som kan «huse» diverse kjøkkenreidskapar og anna nødvendig utstyr.**

- «Laus-prat», «idedugnad»
- «Vegen vidare», evt beslutningar.

Kome nytt skap innom døra til presterommet, og ny stol.

*Inspirerende med litt ommøblering og fornying! Det er naudsynt med fleire sitjeplassar i sakristiet i høve spøtekafeen, og å få utnytta plassen og romma betre til dagens bruk. Ein såg på kva som har blitt gjort, og kva som vidare trengs å gjera. Nye gardiner skal koma, og langbordet og den høge «skjenken» får ny plassering. To nye tre-seters sofaer vil koma på plass til spøtekafeen startar opp att til hausten. Ein har litt romslegare økonomi hette året, sidan det er eit mellom-år utan konfirmantfest. Og spøtekafeen er så populær at den er verd å satsa på!*

**Sak 39/26: Neste møte. 18.august.**

**Eventuelt.**

**Konfirmantfest:**

*Vert kkje arrangert dette året, sidan me no har fest annakvart år og slår saman to kull jubilantar og konfirmantar. Me takkar Martin på kyrkjekontoret for lista han har sett opp, den er flott utgangspunkt for neste års fest! Om nokon spør kyrkjekontoret etter konfirmantjubleum på Stamnes og Eidsland, kan ein gje svar om at det vil koma innkalling neste år i mai/juni.*

**Oppdatere tabell for medgått tid til frivillig arbeid i soknet. Sjå tabell under!**

Eidrun S.Normann, skrivar.

## **Gudstenestelister for Stamnes og Eidsland**

### **1.halvår 2026 Stamnes**

<b>Gudsteneste</b>	<b>Tidspunkt</b>	<b>Kyrkjevert</b>	<b>Offer</b>
11.01 Gudsteneste	11.00	Bjørn St.	NMS
22.02 Gudsteneste, årsmøte m/ kyrkjekaffi.	16.00	Heile rådet møter	Kyrkjelydsarbeidet
02.04 Skjærtorsdag, nattverdsgudsteneste , frukost kl 10.	11.00	Monica, Eidrun, Anne Margrethe	Barnevakten
05.04 Felles påskekudsteneste	11.00	Vivian og Monica	Himalpartner



# DEN NORSKE KIRKE

## Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 4-2026

Sak: 28 - 39

Vaksdal, Dale Stamnes/Eidsland			
10.05 Konfirmasjonsgudsteneste	11.00	Vivian og Eidrun	Fagertun
14.05 Friluftsgudsteneste Skipshelleren, Veggen-gt	12.00	Olaug og Eidrun	Sjømannskyrkja
17.05 Festgudsteneste	12.00	Olaug	Kyrkjelydsarbeidet.
28.06 Gudsteneste	11.00	Eli Marit	Kirkens bymisjon Voss
19.07	18.00	Monica	MAF
23.08 Konfirmantpresentasjon m Kyrkjekaffi	11.00	Eidrun, Viviann	Konfirmantarbeidet
27.09 Bålpannegudsteneste M Barnekoret?	16.00 ?	Dei som kan....	Trusopplæringa

Me ønsker å ha 27.09 som bålpanne-gudsteneste, og gjerne som familiegudsteneste, om mogleg barnekoret med.

### 1.halvår 2026: Eidsland

Gudsteneste	Tidspunkt	Kyrkjevert	Offer
18.01 Gudsteneste v/ Frode K	15.00	AnneMargrethe Eikefet	Det NorskeMisjonsselskap (NMS)
01.03 Gudsteneste v/Strømme AVLYST PGA STENGTE VEGAR OG RASFARE	11.00	AnneMargrethe	Kyrkjelydsarbeidet
03.04 Pasjonsgudsteneste langfredag. FLYTTA TIL DALE pga at det ellers ville vorte 3-gudstjenester i soknet vårt i påskan.			
17.05 Festgudsteneste	12.30	AnneMargrethe	Kirkens Nødhjelp, fasteaksjonen.
29.07 Olsokstemne på Leiro	18.00	Anne Margrethe	



# DEN NORSKE KIRKE

## Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 4-2026

Sak: 28 - 39

18.10 Gudsteneste	11.00	Anne Margrethe	Kyrkjelydsarbeidet

Stå over den føreslåtte gudstenesta 13.09 på Eidsland pga sauesanking.

**Timar utført av Soknerådsmedlemmer og andre (utanom soknerådsmøta) pr:**  
**(3.mars 2026) 26.mai-26:** (Tal få tidlegare i parentes)

Av kven:	Kva:	2026
Soknerådet	Kyrkjevertar, kjøre ut kyrkjeblad, vasking og rydding / snørydding, m.m.	(34 timar) 60
Monica	Knøttesong	(6 timar)
Leiarar i barnekoret	Barnekorarbeid, laga til, låsa opp, delta, miniandakt m.m.	(34 timar)
Andre (Appia m.fl)	Klokkar	?? timar
Kyrkjegardsdagar	Stamnes og Eidsland	16
Heile rådet	Basar	(85 timar)
Spøtekafe		1.halvår: 66
<b>Tidsbruk siste måned/periode:</b>		(134) 142